

# Arkivref: 2023/4873 - 45907/2023

Saksh.: Marianne Heggholmen Aarbø

Saksnr  
27/23

Utval  
Formannskapet

Møtedato  
08.11.2023

Kommunestyret

## Årsbudsjett 2024, Økonomiplan 2024-2027

### Framlegg til innstilling:

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2024-2027 med desse endringane:
2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
3. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2024-2027 med desse endringane:
4. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
5. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2024: *Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.*

Kommunar som til og med år 2018 skreiv ut skatt på kategorien verk og bruk, kan frå 2019 til og med 2024 vedta å skriva ut skatt på eit særskild fastsett grunnlag.

Grunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018:

Det vert skrive ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget redusert med seks sjuandedelar i 2024 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt.).

b) Skattesatsen vert sett til 3,6 promille av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 6,5 promille av nærings eigedom og ubyggd grunneigedom (tomter). Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget vert sett til 4 promille.

c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserer for fritak etter føresegna og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritekne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

Dei eigedomar som tidlegare år er gitt fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7, jf. vedlegg til budsjettokumentet, skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2024.

d) Eigedomsskatten skal betalast i tolv terminar.

e) Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

f) Botnfrådrag vert for 2024 sett til kr 0.

6. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 678 545 024 kr i lån i 2024.

Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån	kr 90 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 481 433 000
Andre lån	kr 107 112 024

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag. Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

7. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2024 slik det går fram av eige vedlegg for:

- Kommunale eigedomsgebyr
- Gebyrregulativ for regulering, byggesak og oppmåling
- Betalingssatsar for brann og redning
- Gebyr for sakshandsaming, administrasjon, forfall og kontroll og gravearbeid.

Formannskapet fastset betalingssatsar for landbruks- og havbrukssaker.

Utval for oppvekst og kultur fastset fylgjande betalingssatsar:

- Betalingssatsar for Stord kulturskule
- Betalingssatsar for plass i skulefritidsordninga
- Betalingssatsar for plass i kommunale barnehagar
- Leigesatsar for utleige av skulebygg i helger/ overnatting
- Utleigesatsar for Stord kulturhus

Utval for rehabilitering, helse og omsorg fastset betalingssatsar for omsorgstenester.

Utval for plan og utvikling fastset betalingssatsar for kommunale parkeringsplassar og for leige av torgplass.

8. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra løyvingane på investeringsbudsjettet der ikkje anna er sagt i budsjettkommentarane. Fullmakta omfattar løyvinga til samarbeidsprosjekt for Stord kommunalteknikk.

9. Stord kommune vil i 2024 busetta 100 flyktningar.

10. Stord kommune gjev Stord kyrkjelege fellesråd eit driftstilskot for 2024 på kr 10 952 521. Kr 90 000 av tilskotet er øyremerka tilskotsordninga til

kremering. Kommunestyret legg til grunn at fellesrådet fastset ein tilskotssum for etterletne som vel kremasjon og forvaltar ordninga med kremasjonsstønad innanfor den fastsette ramma.

11. Det vert for 2024 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

Sunnhordland museum, kr 230 500  
Friluftsrådet vest, kr 512 420  
17. mai Leirvik, Sagvåg og Huglo, kr 76 000  
Falturiltu barnebokfestival, kr 100 000

12. Utval for oppvekst og kultur får i tillegg fullmakt til å fordela kr 350 000 i driftstilskot til lag og organisasjonar, etter søknad og i samsvar med kommunestyret sine retningslinjer.

13. Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2024-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:

Norsk klimastiftelse, kr 50 000  
NCE Maritime Clean Tech, kr 50 000  
Haukelivegen AS, kr 32 000  
Sunnhordlandsrådet, kr 771 920  
Sunnhordlandsrådet, si reiselivssatsing, kr 225 576  
Stord næringsråd, kontingent, kr 31 000  
Atheno AS, maritim industriinkubator, kr 150 000  
Atheno AS, førstelineteneste næring, kr 265 000

### **Røysting:**

Framlegget frå kommundirektøren vart samrøystes tilrådd.

**Innstilling:**

1.Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2024-2027 med disse endringane:

2.Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

3.Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2024-2027 med disse endringane:

4.Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

5.

a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2024: Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.

Kommunar som til og med år 2018 skreiv ut skatt på kategorien verk og bruk, kan frå 2019 til og med 2024 vedta å skriva ut skatt på eit særskild fastsett grunnlag.

Grunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018:

Det vert skrive ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget redusert med seks sjuandedelar i 2024 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt.).

b) Skattesatsen vert sett til 3,6 promille av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 6,5 promille av næringseigedom og ubygd grunneigedom (tomter). Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget vert sett til 4 promille.

c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserer for fritak etter føresegna og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritekne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

Dei eigedomar som tidlegare år er gitt fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7, jf. vedlegg til budsjettdokumentet, skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2024.

d) Eigedomsskatten skal betalast i tolv terminar.

e) Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

f) Botnfrådrag vert for 2024 sett til kr 0.

6. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 678 545 024 kr i lån i 2024.

Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån	kr 90 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 481 433 000
Andre lån	kr 107 112 024

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag. Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

7.Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2024 slik det går fram av eige vedlegg for:

- Kommunale eigeomsgebyr
- Gebyrregulativ for regulering, byggesak og oppmåling
- Betalingssatsar for brann og redning
- Gebyr for sakshandsaming, administrasjon, forfall og kontroll og gravearbeid.

Formannskapet fastset betalingssatsar for landbruks- og havbrukssaker.

Utval for oppvekst og kultur fastset fylgjande betalingssatsar:

- Betalingssatsar for Stord kulturskule
- Betalingssatsar for plass i skulefritidsordninga
- Betalingssatsar for plass i kommunale barnehagar
- Leigesatsar for utleige av skulebygg i helger/ overnatting
- Utleigesatsar for Stord kulturhus

Utval for rehabilitering, helse og omsorg fastset betalingssatsar for omsorgstenester.

Utval for plan og utvikling fastset betalingssatsar for kommunale parkeringsplassar og for leige av torgplass.

8.Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra løyvingane på investeringsbudsjettet der ikkje anna er sagt i budsjettkommentarane. Fullmakta omfattar løyvinga til samarbeidsprosjekt for Stord kommunalteknikk.

9.Stord kommune vil i 2024 busetta 100 flyktningar.

10. Stord kommune gjev Stord kyrkjelege fellesråd eit driftstilskot for 2024 på kr 10 952 521. Kr 90 000 av tilskotet er øyremerka tilskotsordninga til kremering. Kommunestyret legg til grunn at fellesrådet fastset ein tilskotssum for etterletne som vel kremasjon og forvaltar ordninga med kremasjonsstønad innanfor den fastsette ramma.

11. Det vert for 2024 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

Sunnhordland museum, kr 230 500

Friluftsrådet vest, kr 512 420

17. mai Leirvik, Sagvåg og Huglo, kr 76 000

Falturiltu barnebokfestival, kr 100 000

12. Utval for oppvekst og kultur får i tillegg fullmakt til å fordela kr 350 000 i driftstilskot til lag og organisasjonar, etter søknad og i samsvar med kommunestyret sine retningslinjer.

13. Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2024-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:

Norsk klimastiftelse, kr 50 000

NCE Maritime Clean Tech, kr 50 000

Haukelivegen AS, kr 32 000

Sunnhordlandsrådet, kr 771 920

Sunnhordlandsrådet, si reiselivssatsing, kr 225 576

Stord næringsråd, kontingent, kr 31 000

Atheno AS, maritim industriinkubator, kr 150 000

Atheno AS, førstelineteneste næring, kr 265 000



## Kommunedirektøren, 27.10.2023

### Dokumentliste

I	31.05.2023	NORSKE KVINNERS SANITETSFORENING	Søknad om tilskot
I	02.06.2023	HUGLO BYGDELAG	INNSPEL TIL REVIDERT BUDSJETT 2023 - Detaljreguleringsplan for sambandet Huglo - Tysnes.
N	20.06.2023	Rådmann	Vurdering av avskrivningstider i sjølvkostområda vatn og avløp
X	30.06.2023		Budsjettskriv 2024
I	06.10.2023	Liv Kari Bru	Rammetilskot 2024 Stord kyrkjeleg fellesråd.
I	14.09.2023	KRISESENTER VEST IKS	Orientering om budsjettøkningen for 2024
I	14.09.2023	KRISESENTER VEST IKS	Orientering om budsjettøkningen for 2024
I	24.10.2023	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Handsaming av budsjett og økonomiplan - innsending til Statsforvaltaren
S	26.10.2023		Årsbudsjett 2024, Økonomiplan 2024-2027

## Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Budsjettet vart presentert i Kommunestyret 26. oktober 2023 og ein finn heile budsjettet på følgjande link:

<https://pub.framsikt.net/2024/stord1/bm-2024-budsjett>